



INFORMASJONSSKRIV

FRÅ

LANDBRUKSKONTORET I KLEPP

September 2018



TØRKESOMMAREN 2018

I samband med den tørre sommaren, har Landbruks- og matdepartementet kome med presiseringar om korleis regelverket skal praktiserast når det gjeld arealtilskot og tilskot til dyr på beite.

TILSKOT TIL DYR PÅ INNMARKSBEITE

Normalt er det eit krav at hovuddelen av det daglege grovfôrrinntaket til dyra skal skje ved beiting. **Det er for i år gitt ein**

generell dispensasjon frå dette kravet. Det betyr at du i oktober kan søkje om tilskot til dyr på beite, sjølv om dyra har fått meir enn halvparten av grovfôret tilkøyrt. Regelen om at dyra må ha gått minst 16 veker på beite, gjeld framleis, og dyra må gå på beiteområde som under normale tilhøve ville gitt tilfredsstillande beitemoglegheiter.

TILSKOT TIL DYR PÅ UTMARKSBEITE

Her er det framleis krav om at hovuddelen av det daglege grovfôrinntaket skal skje ved beiting.

AREALTILSKOT

Den langvarige tørkeperioden i år har gjort at det no blir opna for tilpassingar i korleis regelverket skal tolkast. Det er eit krav i forskrifta om "vanlig jordbruksproduksjon". Dersom føretaka gjer det ein kan forvente i løpet av vekstsesongen, så kan dei i år få tilskot for veksten dei har sådd, sjølv om avlinga er øydelagt av tørke. **Det er ikkje nødvendig å søkje om dispensasjon.**

AVLINGSSVIKT - ERSTATNING

Dersom du meiner du har så stor avlingssvikt at du vil ha krav på erstatning, det vil seie ein reduksjon på meir enn 30 % av norm, så ta kontakt med Bjørn Svela på landbrukskontoret i god tid før søknadsfristen, som er **31. oktober**.



KANTVEGETASJON LANGS VASSDRAG

Det er eit minstekrav til minst 2 meter brei kantvegetasjon mot vassdrag målt fra vassdragets normalvannstand, for å motta produksjonstilskot. Kantvegetasjon langs vassdrag er svært viktig for biologisk mangfald og for å unngå avrenning av næringsstoff. **Kantvegetasjonen skal vedlikehaldast, men ikkje fjernast eller jordarbeidast. Dette er viktig.** Med vedlikehald blir meint ei tynning av trevegetasjon, fjerning av vegetasjon som ligg ut i vassdraget, ugras og framande artar som til dømes Lupin.

STERKARE MILJØKRAV MED NY FORSKRIFT

Miljøkrava for produksjonstilskot i jordbruket blei forsterka ved forskrifts- endringa i 2014. Kravet om Miljøplan blei tatt bort, og i staden kom det vilkår om at søkjarane ikkje kan gjere «forringende

inngrep i kulturlandskapet» med mindre det er gitt løyve. **Det vil seie at viss det blir slått fast at det er gjort inngrep i kulturlandskapet, vil føretaket ikkje ha rett på areal – og kulturlandskapstilskot (AK- tilskot).**

Døme på inngrep;

Her er ei liste med døme på inngrep som kan føre til at ein mister retten til AK- tilskotet;

- fjerning av kantvegetasjon langs vassdrag
- fjerning av åkerholmar, steingjerde og gamle rydningsrøyser
- oppdyrking eller fjerning av ferdselsårer
- tiltak i utvalde naturtypar etter naturmangfaldlova som ikkje er i tråd med godkjent tiltaksplan
- kanalisering og lukking av elver, bekker og grøfter
- dyrking og planering av jordbruks-areal
- sprøyting av kantvegetasjon og åkerholmar, med mindre dette er eit ledd i skjøtselen av kulturlandskapet



Kan gi store konsekvensar for tilskotsutbetalinga

Dersom det blir gjort slike inngrep, skal ikkje kommunen godkjenne utbetaling av AK- tilskot. Det totale AK-tilskotet fell bort det søknadsåret då inngrepet i kulturlandskapet blei gjort. Dersom ein i 2018 til dømes lukker ein bekk utan godkjenning, så mister ein heile AK-tilskotet for 2018.

Kommunen kan gi godkjenning

Kommunen kan på førehand, etter søknad, godkjenne inngrep, så framt anna

regelverk ikkje er til hinder. **Det er viktig å merke seg at godkjenninga må vere gitt på førehand.** Blir det slått fast brot, til dømes fjerning av steingard utan løyve, så er vilkåra for AK-tilskot ikkje oppfylt. Dette gjeld sjølv om kommunen i ettertid godkjenner fjerninga.

Leigetakar eller eigar

Det er den som disponerer areala, og som søker om tilskot, som er ansvarleg for at det ikkje blir gjort inngrep i kulturlandskapet.

TILSKOT TIL GJØDSELLAGER

Jordbruksoppgjeret har opna for å gje støtte til nye gjødssellager også i 2019.

Nok lagerkapasitet er den viktigaste føresetnaden for å ha fleksibilitet til å nytta gjødsla best mogeleg for plantene og redusere faren for forureining.

Det meste av haustspreiinga skuldast manglande lagerkapasitet. Har du for lite lagerkapasitet, bør du vurdere å bygga nytt gjødssellager, nå som det er mogleg å få tilskot!



Hugs at gjødsselkumar jfr forskrift må ha klatreavvisar og/eller gjerde på toppen

Partnerskapet i Rogaland har vidareført ordninga med tilskot til bygging av gjødssellager i heile Rogaland. Det er sett vilkår om støtte på inntil 20 % av kostnad og maks tilskotssats er på kr 100 000. Det er ingen søknadsfrist og Innovasjon Noreg vil handsama søknadane fortløpande.

Det kan også løyvast tilskot til tak på gjødssellager dersom det ikkje er gitt tilskot til lageret dei siste 5 åra. Søknaden frå føretak med miljøavtale har same vilkår som før. Det blir lagt til grunn 12 mnd. lagerkapasitet for denne ordninga.

Vilkår: Lager skal vera ferdig bygde og tatt i bruk innan 12 mnd. frå tilsegn om tilskot.

Nødvendig dokumentasjon for søknad til gjødssellager er:

- Oversikt over eksisterande lagerkapasitet for husdyrgjødsel
- Berekning av behov for lagerkapasitet basert på mengd produsert gjødssel, tilførsel av vaskevatt, regnvatt (ved open kum).
- Tilbod/kalkyle over investeringa
- Kart som viser plassering av gjødssellager i forhold til spreieareal for husdyrgjødsel
- Kommunen si godkjenning etter plan- og bygningslova og etter forskrift om organisk gjødssel

Det er ikkje krav om driftsplan for dette tiltaket, og det er elles tilleggsvilkår for føretak med miljøavtale i Regionalt miljøprogram.

TILSKOT TIL GRØFTING OG SPESIELLE MILJØTILTAK I JORDBRUKET (SMIL)

Det er fortsatt noko att av årets midlar for begge ordningane. Ta kontakt så raskt som mogeleg om du har planar som kan vera innafor ordningane.

Ordninga med grøftetilskot gjeld jordbruksareal som har vore grøfta tidlegare og som på ny treng å grøftast. Maks 2000 kroner pr. dekar eller 30 kroner pr. meter grøft. Det må søkjast på eige skjema, eit for grøfting og eit for SMIL-ordninga. Søknad må leverast snarast mogleg og før arbeidet vert påbegynt.

GJERDEKLYVARAR

Gjerdeklyvarar treng somme tider utskifting. Ordninga med tildeling av gjerdeklyvarar gjeld også utskifting av eksisterande. Dette for å sikra trygg ferdsel. Ver ute i god tid, og gjer klar til neste tursesong med å fornya gamle gjerdeklyverar! Det finst og praktiske hundeportar til fordeling. Desse er enkle å montera ved sida av gjerdeklyvaren.



LANDBRUKSPLAST PÅ AVVEIE

Trass i gode ordningar for innsamling av landbruksplast, ser me mykje plast på avveie. Det er stort fokus på plasforureining, og landbruksnæringa som naturforvaltarar, må ta sin del av ansvaret. Det tek seg dårleg ut med tre og gjerde som er «dekorert» med rundballeplast. Ta ein runde rundt med traktoren ved henting av rundballar, og plukk opp laus plast når du ser det.



TIDLEGPENSJON I JORDBRUKET

Er du snart 62 år, og har planar om å overlate bruket til yngre krefter? Då kan du søkje tidlempensjon. På landbruksdirektoratet sine nettsider, kan du finne informasjon og søknadsskjema: <https://www.landbruksdirektoratet.no/no/pr/oduksjon-og-marked/velferdsordningar/tidligpensjon>

AVLØYSARTILSKOT VED SJKDOM OG FØDSEL – ELEKTRONISK SØKNAD FRÅ 15. AUGUST

Frå og med 15. august er det elektronisk søknad som gjeld, også ved søknad om tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel. Søknadskjema ligg i Altinn. Dersom du ønskjer hjelp til utfylling, kan du ta med Bank ID eller MinID, slik at avløyarslaget eller rekneskapsføraren kan hjelpe deg med skjema. Du kan og kome innom landbrukskontoret for å få hjelp med utfylling av skjema. Då skal du spørje etter Hilde Kristin Honnemyr.

AVLØYSARTILSKOT VED SJKDOM OG FØDSEL - DISPENSASJON FOR NYETABLERTE

Det er nå enklare for nyetablerte å få dispensasjon frå kravet til næringsinntekt for sjukmeldte jordbrukarar som søker tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel.

Kravet på ½ G i næringsinntekt gjeldande for siste godkjente likningsår gjeld ikkje for nyetablerte. Eit vilkår for dispensasjon, er likevel at føretaket driv ei jordbruksverksemd av økonomisk karakter, sjølv om drifta dei første åra går med underskot.

NETTSIDE FOR DEG SOM NY BONDE

Går du med planar om å overta eit gardsbruk? Ei nettside retta mot nye bønder er utarbeidd hjå Landbruksdirektoratet, og den finn du ved å gå inn på nettsida:

<https://www.landbruksdirektoratet.no/no/ny/hetsarkiv/eiendom-og-skog/ny-nettside-til-hjelp-for-deg-som-er-ny-bonde-eller-skogbruker>

Der får du svar på mange spørsmål du som ny brukar kanskje lurar på. Du må og gjerne ta turen innom landbrukskontoret dersom du har spørsmål om drifta på garden.



FYLKESMANNEN PÅ FACEBOOK

Det ligg mykje nyttig informasjon og nyheiter på Fylkesmannen si facebookside «Fylkesmannen og bonden i Rogaland». Lik og del!

HUGS SØKNADSRIST

15. OKTOBER!

Gjeld både produksjonstilskot og RMP (Regionalt miljøprogram)

TELJEDATO: 1. OKT.

Informasjonsskrivet blir kun sendt ut elektronisk, på e-post, denne gong. Kan og lesast på kommunen si heimeside www.klepp.kommune.no